



NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Miljøverndepartementet
v/Anne Beate Tangen
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Deres ref.:

Vår ref.: 816/OG0/70-2006

Dato: 11. des. 2006

Innspill til sektorvise klimahandlingsplaner

Norsk Bonde- og Småbrukarlag syner til invitasjon frå Miljøverndepartementet om å gi innspel til arbeidet med sektorvise klimahandlingsplanar.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil i dette notatet peike på nokre av hovudutfordringar knytt spesielt til jordbruk. Ein vil kome attende med fleire og meir utfyllande innspel i samband med høyringsfristen den 27. februar 2007 om "Et klimavennelig Norge".

Norsk Bonde- og Småbrukarlag gir sin fulle tilslutning til det arbeidet som no er sett i gang med sektorvise klimahandlingsplanar. Med utgangspunkt i lavslippsutvalget sine tilrådingar, meiner vi likevel at ein så langt har ein for defensiv og for lite heilskapleg inngang til problematikken. Ein stiller også spørsmål ved om korleis økonomisk vekst framleis er mogleg dersom ein skal kunne nå dei måla ein har sett.

Jordbruk og matproduksjon står for ein forholdsvis stor andel av samla utslepp av klimagassar både nasjonalt og globalt. Utsleppa er knytt til produksjonsmåtar så vel som foredling og forbruk. Sett frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag si side må ein sjå på alle desse tre områda både isolert og samla.

Det er ein klar samanheng mellom prisar på landbruksprodukt, kjøpekraft og forbruk. Som eit resultat av både den økonomiske politikken og landbrukspolitikken, går utviklinga i retning av relativt lågare prisar, større forbruk (og av kjøt), høgare foredlingsgrad og auka behov for transport. Dette er eit forbruksmønster som etter vårt syn ikkje er berekraftig over tid.

Sett i eit globalt perspektiv er våre økologiske fotspor tre til fire gonger større enn den gjennomsnittlege verdsinnbyggjar. Når ein veit at det ikkje fins ressursar nok på kloden til at alle skal kunne ha det same forbruket og dei same matvanane som Noreg, må det vere utgangspunktet for kva mål og strategiar ein skal ha for norsk landbrukspolitikk, forbruk og velstandsutvikling.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner at nettopp fordi vi er så rike, så har vi eit heilt spesielt ansvar. Norge som nasjon kan ikkje forvente at andre land og deira innbyggjarar, spesielt i fattige land, skal avstå frå velstandsutvikling for at vi skal oppretthalde vårt eige forbruk. At Norge skal vere eit føregangsland burde ikkje vere eit spørsmål, men noko vi ser på som sjølv sagt.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil difor be regjeringa og Landbruks- og matdepartementet spesielt, drøfte ulike dilemma i si tilnærming til målsetjingane om reduserte klimautslepp.

Ser ein på utviklinga innafor jordbrukssektoren over tid, vil ein sjå at produksjonen vert meir intensivert og konsentrert. Dette er eit resultat av dei økonomiske drivkreftene kor kapitalen er høgare verdsett enn arbeidskrafta, eit konstant prispress og jag etter lønnsemd. Slik har jordbruket vorte meir avhengig av ikkje-lokale og ikkje-fornybar energi. Eit døme på dette er korleis lokale grasressursar er vorte erstatta med importert kraftfor. Det faktum at norsk matproduksjon er avhengig av soya frå Brasil bidreg igjen til auka press mot regnskogen. Sett i lys av ei utvikling kor ein opplever at lokale ressursar i innmark og utmark vert dårlegare utnytta, vert jordbruket ståande i eit særdeles grelt lys. Dette er eit resultat av ein villa politikk kor bieffektane av utviklinga, og dei spesielt knytt til miljø og klima, er ignorert til fordel for strenge effektiviseringskrav og lågare prisar.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner vidare at det er for lite fokus på det samla energiforbruket. Som eksempel går Lavutslippsutvalget inn for å at ein i større grad enn i dag vil erstatte forureinande energi med biodiesel. Sett i eit globalt perspektiv kor over 850 millionar menneske lir av underernæring og svolt, samstundes som kornlagera på verdsbasis vert redusert blant anna på grunn av at matproduksjon vert erstatta av vekstar til biodrivstoff er dette eit dilemma som må drøftast meir inngåande. Når ein i tillegg veit at store landbruksområder kvart år "forsvinn" i den forstand at områder ikkje lenger kan nyttast til matproduksjon på grunn av forureining, utarming og klimaendringar, er dette ei utvikling som er svært urovekkjande. Vårt ansvar for å produsere mat, vern om matjord og dei strategiske vala ein gjer for framtida, må difor sjåast i eit globalt perspektiv.

I utredninga har Lavutslippsutvalet valt ikkje å problematiserer kring fordeling og utjamning. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner dette er ein stor svakheit ved utredninga. Det er ikkje tilstrekkeleg at det vert påpeika at fordeling og utjamning i eit globalt perspektiv er ein føresetnad i arbeidet for fred. Fordeling og utjamning må også ha eit spesielt fokus her hime. Etter vårt syn vil ein utan ei betre fordeling av godane vanskeleg kunne nå målsetjingane om reduserte klimautslepp. Ein kan sjå føre seg ein situasjon kor ein enten får ein økonomisk og miljøbevisst elite, eller motsett, kor dei med høgast kjøpekraft og den største handlefridomen, og vil vere dei som forureinar mest.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag støttar fullt og heilt opp om Regjeringa sine målsetjingar om 15 % økologisk produksjon av mat. Denne satsinga må likevel ikkje føre til at ein flytter fokus vekk frå det konvensjonelle jordbruket og forbruket. Målet må vere at heile jordbruket går i ein meir miljøvennleg retning.

Lavutslippsutvalget peikar på tre viktige moment kva angår våre matvanar; et mindre kjøtt, et økologisk og kortreist mat. Dette er mogeleg, men då må ein, jamfør dei problemstillingane som er nemnt ovanfor, gå frå ord til handling. Nasjonalt har vi dei aller beste føresetnadene for å faktisk kunne gjere det, men då må heile verkemiddelapparatet og systema verke i same retning.

Ut over dei momenta som allereie er nemnt, vil Norsk Bonde- og Småbrukarlag til slutt peike på nokre overordna områder som må vere ein inngang til debatt og utvikling for å nå nasjonale målsetjingar for jordbruk, matproduksjon og forbruk.

1. Mål og verkemiddel i landbrukspolitikken

Jamfør dei målsetjingane Noreg skal ha i høve reduserte klimautslepp må ein setje klare og tydelege mål. Dersom ein i framtida skal endre forbruksmønsteret gjennom mellom anna

omlegging av kosthaldet og at maten i større grad skal vere kortreist og økologisk, må heile virkemiddelapparatet og systema verke i same retning. Ein må vurdere både:

- kva vi skal dyrke,
- kor mykje skal vi produsere,
- kor vi skal produsere
- og, til kva pris.

2. Utvikling av lokale økosystem

Lokal mat produsert på lokale ressursar med redusert bruk av ikkje-fornybar energi må vere ei målsetjing. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner det må setjast i gang forskings- og utviklingsprosjekt ut frå grunntanken om lokale økosystem. Ein eller fleire pilotprosjekt vil kunne avdekke nye metodar og system for vår framtidige matproduksjon.

3. Miljøteknologi

Det må vere eit mål at ein i større grad enn i dag skal kunne legge betre til rette for ein villa utvikling. Med tydelege mål vil ein kunne målrette til dømes forskingsmidlar inn mot landbruk og miljøteknologi. Tida er ikkje med oss i høve å vente på ny teknologi, men vi må aktiv initiere denne type forskning. Norge har gode forskingsmiljø og rikeleg tilgang på ressursar. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner dette gir oss ein unik mogelegheit til å kunne målrette forskinga spesielt mot miljøteknologi. Alt frå produksjonsmetodar og reiskap nytta i produksjon til emballasje som vert brukt i industri og fordeling må utviklast vidare.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag ser fram til dei debattane og dei diskusjonane som ein ser som heilt nødvendige om ein skal nå nasjonale og globale mål for reduserte klimautslepp.

Vennlig hilsen

Anne Osland
Leder